

Då kan me ønska oktober velkommen allerede! Den 17. august starta alle 2015 borna på grønn gruppe. Med seg fra blå fekk dei Britt-Anna som de kjenner godt frå før. To nye born begynte i barnehagen i høst og me er glade for å få bli kjent med dei. Eg, Silje kommer rett fra skulebenken og synes det er så gøy å endelig få jobba på skikkelig! Me hadde to fantastiske veker i starten av August, været var upåklagelig og da utnytta me til da fulle. Me var ute så mykje me kunne, me var på fleire turer, då fekk me øva oss på å bli grønne (for de grønne e store). Allerede er me blitt veldig gode både til å gå på do, kle på oss, å smøra mat og å legga oss fint å kvila i kvilestunda, og me fortsetter å jobba med disse tinga utover året. Overgangen fra blå til grønn gruppe blei markert med **grønn** fest, grønn kaka, grønn saft og grønn frukt og grønnsaker!



Det er ei livlig gruppe me har, mykje energi og endo meir fantasi. Eg ser mykje kjekk rollelek om dagane, både brannmenn,familier, politi, hunder og tigrer. Sistnevnte med så stor innlevelse at dei nokon gonger blir redde på på ekta. Dei er så gode på å ta initiativ til og å engasjere seg sjølv i leik, og dei inkluderer venene sine i det dei held på med. Dette skal me jobba endo meir med utover høsten. Korleis kan me vera ein god ven? Det er fleire av borna som er opptatt av snill/slem kontrasten om dagen, og me reflekterer rundt dette saman. Både i «her og no» situasjoner, rundt matbordet og etter me har høyrt eventyr,(tre små griser, rødhette, bukkene bruse me har brukt mest) kven synes de var snill?Kven gjorde noko slemt, og kvifor trur me han gjorde det? Korleis snakkar me til andre, korleis ønsker me sjølv å bli behandla? Og er ulven slem/dum eller gjer han dumme ting? Ein forskjell som eg ønsker borna skal vera bevisste,



Barnehagen skal være et trygt og utfordrende sted der barna kan prøve ut ulike sider ved samspill, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser. Barna skal ha mulighet til ro, hvile og avslapping i løpet av barnehagedagen

Overganger innad i barnehagen
Overganger skjer også innad i barnehagen.
Personale skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de bytter barnegruppe
Rammeplanen, s. 33



Praktisk/kjekt å veta

GENERELL VEKEPLAN

Mandag	Me har samlingsstund etter frokost og gjennomfører en formingsaktivitet i gruppetiden.
Tirsdag	Friluftsdag. Me forsøker å gå tur denne dagen, om det ikkje går har me utedag. Gi beskjed om dåke leverer etter 09:30 på tirsdager.
Onsdag	Sangstund med Grethe Me bruker gruppetida til å fordjupe oss i eit tema som opptar ungane, og held det gåande så lenge interessen er der.. I August og September var det småkryp, framover vil det bli Karius og Baktus.
Torsdag	Fom. 04.10 tek Silje med seg tre born til biblioteket, me tek bussen frå barnehagen 10:13 og er tilbake til kviletid ca. 13. Tar gjerne kontakt om du har spørsmål angående dette.
Fredag	Fellessamling kl 10. Møtedag

Me har no skaffa yogamatter som dei kviler på i kvilestunda. Fint om dåke kan sende med ei lita pute til kvilestunda. Me ville og gjerne hatt ein bamse som kan ligge i barnehagen og motivere borna til å ligge stille i kvilestunda. Ta gjerne med ein yoghurt dei kan ete når dei våkner (dei får tilbud om frukt og knekkebrød kl 14/når dei vaknar).

Det blir foreldresamtaler i veke 41. Ser du ei tid som passer for deg? Gi meg beskjed!. Dei som eg ikkje har fått tilbakemelding fra innen onsdag veke 40 vil eg sette opp ei tid til ☺

DAGSRYTMEN

06:30	Barnehagen opnar
08:00-09:00	Frokost
09:30-14:00	Gruppetid
12:00	Lunsj
Ca. 12:30 – 15:00	Kvilestund, nokon kviler augene andre sover. Dei blir vekka etter avtale med foreldrene
14:00	Frukt – felles på huset
16:15	Barnehagen stenger



I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigkeit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Rammeplanen s.22



Friluftsdag!
Me vil forsøke så langt de lar seg gjere å gå på tur kvar tirsdag, om me ikkje kjem oss på tur vil me likevel bruke denne dagen ute.

Me studerer kongestolen, den sitt Elgen på, men bare om natta. Om dagen er han gjømt under jorda.



I August viste barna stor interesse for å leita etter insekt på uteområdet. Me valgte derfor å følga opp denne interessa ved å ha eit lite småkryp prosjekt. For å introdusera dette hadde dinosaurane laga lunsj til oss ein dag. På bordet stod det ein dinosaur med eit brev i munnen. Der stod da at de var veldig glade for at me tok så godt vare på små og store dyr som vi traff i naturen. De serverte oss da dei meinte var da beste naturen hadde å by på, i fargen grønn så klart. Borna var ikkje heilt enig i at avokado, salat og sukkererter var kjempe godt. Men alle smakte, og dei syntes det var stas å få mat av dinosaurane.




Måltid og matlagning i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.
Rammeplanen s.11

Barnehagen skal legge grunnlag for barnas evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal gjøre erfaringer med å gi omsorg og ta vare på omgivelsene og naturen.Rammeplanen, s.10



I løpet av september har me hatt både brannvernveke og førstehjelpsveke. I brannvernveka blei me kjent med hånddukkene Eldar og Vanja, og me fekk vera med å sjå kva som skjedde då dei fann ein lighter. Me har lært oss kva me skal gjere om brannalarmen går, sjølv om dei fortsatt svarer «slukka han» når eg spør kva me skal gjere om alarmen går så veit dei fleste no at me skal gå til fotballbanen. De var «brann» på uteområdet, når alle var slukka blei det bobledisco. I førstehjelpsveka blei me kjent med dukken Henry, då lærte me kva me skal gjere om nokon skadar seg, då roper me på ein voksen, trøstar og plastrar om nødvendig. Me har lært kva stabilt sideleie er, og leika doktor.



FØRSTEJELPSDUKKEN HENRY



Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barnas egen kultur. Leken skal være en arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer lek både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek - alene og sammen med andre.
Rammeplanen, s. 20



**BARNEHAGEN
SKAL VERE EIN
ARENA FOR
DAGLEG
FYSISK
AKTIVITET OG
SKAL
STIMULERE
RØRSLEGLEDA
OG DEN
MOTORISKE
UTVIKLINGA
TIL BARNA.
RAMMEPLANE
N, S. 10**







I oktober kjem me til å bli bedre kjent med Karius og Baktus. Eventyra me kjem til å fortelje er Askeladden som kappåt med trollet og katten med støvlene. Det blir også markering av FN dagen i oktober med fokus på mangfold og inkludering og egen identitet. I veke 45 er det vaskeveke, då har me fokus på å hjelpe til og rydde og vaske barnehagen. Då må alle bidra.



Månedsbrev oktober og november

Då var desember i gong og me gler oss veldig til alt som følger med. Denne måneden flytter rampenissen inn hos oss på kjøkkenet og det blir spennande å sjå kva han finn på. Me er ganske sikre på at han vil bidra med både rampestreker, gode ideer og materialer som me treng for å skape ei koselig førjulstid med produksjon av bakst, julegåver og gode minner.

Dette skjer i desember

5. desember	Nisselfest	Barn (husk nissehue med navn)
6. desember	Me baker pepperkaker	Bare grønn gruppe
13. desember	Lucia	Foreldre er invitert til å sjå på toget som går på morgenon. Me har kostymer og lykter i barnehagen.
14. desember	Juleverksted i barnehagen	Kun for ungane
19. desember	Foreldrekaffi	Foreldre, søskjen, besteforeldre etc.

Me har starta å øve på julesongane i gruppa, og kvar torsdag har me korøving med heile barnehagen. Me ser veldig fram til at foreldrene skal komma å sjå på oss om morgenon når me går i luciatog og på foreldrefesten. Her er ein oversikt over fastsette arrangement og kva av disse foreldrene er inviterte til.





I oktober og november har me fortsatt og jobba med vennskap og relasjoner. Me har snakka saman om korleis me kan vera ein god venn i ulike situasjoner og me har satt ord på korleis ein kan håndtera ulike situasjoner me kan havna i. Saman har me laga regler for grønn gruppe, korleis vil me at me skal behandla dei andre borna i barnehagen, og korleis vil me at dei skal behandla oss. Eg synes dei har blitt veldig gode på å sette ord på ting og å bidra til å løyse konflikter seg i mellom når dei bare får litt støtte. Eg ser ungane viser omsorg for kvarandre og hjelper kvarandre kvar einaste dag. Det gjer meg ganske stolt.



Rammeplanen s.19 seier at «personalet skal arbeide for et miljø som ikke bare gjør barna til mottakere av omsorg, men som også verdsetter barnas egne omsorgshandlinger».





I løpet av oktober og november har alle fått vere med på biblioteket. Det har vært utrulig kjekke turar og det trur eg ungane og synes. Det har vore veldig fint å dele dei i så små grupper og ha muligheten til å fokusere på den enkelte og kunne gjere det dei har lyst til. Det har gjort at eg fekk muligheten til å bli bedre kjent med alle, fått eit innblikk i kva dei likar å gjere og kva som interesserer dei utover det dei likar å gjere i barnehagen. Det var store forskjeller i kva som blei høgdepunktet på turen syntes det kjekkaste var å ta bussen, då tok me bussen rundt heiane på heimvegen. Nokon syntes å springe i gongane i kulturhuset, då brukte med ein del tid på det. Nokon ønska å mata fugler, då gjekk me innom andadammen på vegen heim. Nokon ville eg skulle lesa til dei, og andre ville helst bare sjå i bøkene i lag.





Me fekk høyre eventyr frå Afrika



Samling på FN dagen, me hadde skuespill og studering av verden med mange verdensdeler og mange land.
Det er viktig at me er venner og inkluderer andre uansett kvar dei kjem fra.




Me hadde ei markering av FN dagen i oktober der me hadde fokus på mangfold og inkludering og egen identitet.



I skuespillet jobba barna i ein tøyfabrikk og laga sjal. Etter vek utført arbeid blei det lønn med kjeks. Jentene fekk ein liten på deling og guttane ei stor eske med kjeks.
Dette var veldig urettferdig og det var mange lange masker. Og løysinga kom kjapt. Me kan dele!



Tirsdagar går me på tur. Me går korte turar då me endo øver på å gå på rekke og holde i hånda to og to. Eg har klippa ut bilde av alle ungane, så jentene trekker bilder av gutane, den sitt bilde dei trekker skal dei holde i hånda på tur. Neste tirsdag er det gutane som trekker. Dette gjer me for å unngå konflikter og sjalusi rundt kven som får holde kven. Når de trekk bilder synes dei det er spennande og blir meir bevisst på kven som var sin partner. Det er derfor viktig at dåke kjem til 09:30 på tirsdagane!



Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få et mangfold av naturopplevelser og få oppleve naturen som arena for lek og læring

Rammeplane n, s.52



Me prøver å få til minst ein formingsaktivitet i veka. Det er ikkje alltid at det blir eit ferdig produkt ut av det me skaper, men det er fint å få kjennskap til ulike materialer og erfare korleis dei virker.



Barnehagen skal legge til rette for samhørighet og kreativitet ved å bidra til at barna får være sammen om å oppleve og skape kunstneriske og kulturelle uttrykk (Rammeplanen, s.50)





Leik og samhold

Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens egenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får en god barndom preget av trivsel, vennskap og lek, er fundamentalt (Rammeplanen, s. 9).



MÅNADSREV DESEMBER

GRØN GRUPPE

Då var desember forbi, det har vært ein innholdsrik og kjekk månad her i barnehagen. Heile desember har me hatt rampenissen på besøk på avdelinga. Han har funne på sprell stort sett kvar dag, men han har og vore snill, han har gitt oss pakkar og bidratt til at turane våre har blitt endo kjekkare. Me har blitt kjent med snekker Andersen gjennom boka, filmen og me har til og med møtt han i virkligheten. Me har sunge julesongar, baka pepperkaker, laga julepynt og alt som hører med. Ein kjempekjekk måned! Men no ser me fram til å komma tilbake i gamle rutiner og kvardagen me er så glad i. I januar og februar vil me utforska nye formingsmetoder og matrialer. «*Barnehagen skal bidra til at bruker ulike teknikker, materialer, verktøy og teknologi til å uttrykke seg estetisk*» (Rammeplanen, s.51). Me vil og sette fokus på hygiene og hovudsaklig reflektere rundt håndvask saman med ungane. Kvifor er det viktig at me vasker hendene, og kvifor masar eg egentlig sånn om at dei skal bruke såpe? *Rammeplanen s.48 seier at barnehagen skal bidra til at barna kan tilegne seg gode vaner, holdninger og kunnskaper om kost, hygiene, aktivitet og hvile*



GODT NYTT ÅR



Rampenissen var litt av ein tullebukk, han tulla ofta med lunsjen vår. Ein dag hadde han dekka på til oss under bordet. Ein anna dag hadde han gjømt seg i matboksen når me skulle på tur og ete opp all maten vår! Ein anna dag hadde han pakka inn alt pålegget vårt, og ein dag dekka han på med bursdagsglassa sjølv om ingen hadde bursdag. Så nokon dagar måtte me kjefta litt på han, og fortella han at sånn hadde han ikkje lov å gjer. Andre dager hadde han kjekke overraskelser til oss som kino med popcorn eller pynt til pepperkakene våre.



Me går fortsatt turar i nærområdet, men me blir bedre og bedre på og gå på rekke og holde i hendene. Me ser fram til me kan gå lengre turar og utforske meir av området rundt oss. Me tek oss god tid på tur og stopper opp om me ser nok interessant. «*Barnehagen skal bidra til at borna opplever, utforsker og eksperimentere med naturfenomener og fysiske lover*» (Rammeplanen, s.52)



STORD
KOMMUNE

kristiansbyen



Turbilder frå desember



Juleforberedelser






Me har hatt to kjekke måneder så langt i 2019. Maria er lærling i barnehagen og har begynt på avdelinga så no er me 3 vaksne på gruppa mandag, tysdag og onsdag, det synes me er kjempe kjekt.

6. februar markerte me samenes dag i barnehagen, då fekk me læra litt om samane og deiras kultur og historie.

Me har starta med språkløyper, dette er eit verktøy for å sikre arbeidet med språkutvikling for alle borna. Rammeplanen (s.23) seier at «*Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehverdagen, og alle barn skal få delta i aktiviteter som fremmer kommunikasjon og en helhetlig språkutvikling*».



Askeladden
med skreppa si
i fanget
på middag hos
trollet



Karoline lærte oss mykje om samane på fellessamling



I forbindelse med den samiske nasjonaldagen fekk me òg høyra om det samiske trollet Stallo. Han var lika skummel som andre troll me har hørt om, men veldig spennande. Stallo vil dei gjerne høyra om igjen og igjen, så kjekt at dei er så engasjerte i troll-temaet.



SPRÅKLØYPER



Pass deg ellers
skal eg klemme
vatnet ut av deg,
sånn som eg gjer
med denne kvite
steinenen

Disse månedene har me tatt utgangspunkt i boka «Askeladden som kappåt med trollet». Når me bruker samme boka fleire gonger får borna repetera orda, og konteksten dei blir brukt i, så mykje at plutselig er det eit nytt begrep dei både kan og forstår. Me brukar også mykje bilder og har samtalar både før, underveis og etter me les boka. På denne måten kan me få eit innblikk i kor mykje av innholdet de forstår og kva som er gode strategier for språklæring på grønn gruppe. For eksempel er bruk av konkreter mens ein les noko så fenger ungane på gruppa, då får dei og noko visuelt å knytte nye begrep til, for eksempel ei «skreppe». Dei fleste kunne sei ordet, men tok litt tid før dei huska ka det var!



Trollprosjektet

I januar starta me trollprosjektet vårt. Dei er veldig opptatt av troll på avdelinga og har egentlig vore det så lenge eg har kjent dei, så då syntes me da var på tide at me fekk fordjupa oss i troll. Me følger Alice Kjær sin prosjektmetode - fra facinasjon til fordypelse! Kort fortalt tar ein barnas initiativ på alvor, det dei er opptatt av er det me har fokus på. Mi rolle blir altså ikkje å setje eit mål for KVA me skal lære om troll, men å legge til rette for at me saman kan finna ut av det ungane lurer på.



Denne typen prosjektarbeid gir oss muligheten til å tilby alle borna aktiviteter dei synes er spennande. «*I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være betydningsfulle for fellesskapet og å være i positivt samspill med barn og voksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap*»
(Rammeplanen, s.22).



Ein dag me gjekk på tur fant me plutselig eit trollegg liggande i eit digert reir... Me bestemte oss for å ta det med oss tilbake til barnehagen så me kunne sjå om da blei til eit troll. Me tok ei lita risikovurdering først, heldigvis var det ein som kunne fortelle oss at «alle egg troll er snille. Slemme troll kjem frå pappatroll-magen»



Me skunda oss å
plukke pinner,
kongler og blader til
å lage eit reir med, i
barnehagen



Før me kunne legge egget i reiret måtte
me synge alle troll-songane me kunne, i
tilfelle egget synes det var skummelt på
ny plass. Heldigvis snorka eggget etter
trollmors vuggevise





Eit av bevisa fekk ikkje plass i kista. Men det ordna dei fort



Me samlar på (nesten) alt me finn av bevis på at troll finnes. Og fann etter kvart ut at me trengte ei kiste til å oppbevare bevisene våre i (og alle skattane me kjem til å få når me finn ut kor trollet bur). Så me tok turen opp til bruktboutikken. Der fekk alle sei kva kiste dei likte best, til slutt stod valget mellom eit medisinskap og ein brødboks, brødboksen trakk det lengste strået. Då me kom heim mala me brødboksen så den blei til ei skikkelig fin kiste. Det som er så fint med å jobbe på denne måten er at me får dekka alle fagområda i barnehagen, og både born og vaksne synes det er kjempegøy.



Eventyret om dei tre bukkene bruse som skulle til seters å gjera seg feite



Me trener finmotorikken når me klipper ut dei trolle me likar best og limer på ark i favorittfargen vår



Me syng og spelar for trollegget våres



Og viser fram trollbildene me har laga av lim, ull og fyrstikker

Bilder frå turar

Kvar tirsdag går me tur, turane me har gått til no har vore relativt korte, men me ser veldig fram til våren og å komma oss ut i skogen å vera det heile dagen. Her må eg bare få skryta av ungane dåkas for dei er blitt så gode på å holde i hånda og gå på rekke. Me gjer alt me kan for å komma oss på tur kvar einaste tirsdag!

«Barna skal inkluderes i aktiviteter der de kan få være i bevegelse, lek og sosial samhandling og oppleve motivasjon og mestring ut fra egne forutsetninger»
(Rammeplanen, s.49).





For ein fantastisk start på våren me fekk, ingenting slår å få gå ut i «jakka og sko» eller få eta lunsjen ute i sola.

Mars og april har vore veldig innholdsrike måneder!

«Barnehagen skal støtte barna i å forholde seg prøvende og nysgjerrig til omverdenen og bidra til å legge grunnlag for modig, selvstendig og ansvarlig deltagelse i demokratiske fellesskap (rammeplanen, s.9)»

12 mars markerte me barnehagedagen, me hadde ein fin dag der me fekk svar på mykje av det me undra oss over.

Veka etterpå var me invitert til høgtlesning på biblioteket, det blei ein innhaldsrik og veldig kjekk dag. I løpet av mars fekk me rumpetroll på avdelinga, utrulig spennande og lærerikt, til tross for at det ikkje enda så godt.

28. mars avslutta me barnehagebiblioteket vårt med ein bokfest med utkledning, ansiktsmaling, disco og kiosk, ein kjempekjekk dag.


I løpet av april har me hatt fleire litt lengre turar, me har til og med hatt vår første tur til stranda i år. Resten av april var me stort sett i påskemodus, og gjorde mykje kjekt i forbindelse med påsken.



Barnehagedage

«Barnehagen skal støtte barna i å forholde seg prøvende og nysgjerrig til omverdenen og bidra til å legge grunnlag for modig, selvstendig og ansvarlig deltakelse i demokratiske fellesskap»
(Rammeplanen, s.9)

I år var temaet for barnehagedagen: «eg lurer på». Ungane var nysgjerrige på Langeland skule, korleis det såg ut inne på skulen, og kva dei store borna gjorde på ute? Så då ringte me rektor og spurte om me kunne få komma innom ein tur, det fekk me lov til! Me hadde ein fin, våt og kald dag. Heldigvis venta varme fiskeburgera og pølser frå kiosken til dei røde når me kom tilbake.



Bibliotek, ender og brannstasjonen

Biblioteket inviterte oss på eventyrstund, så me tok bussen ned der for å høre på eventyr, lese litt bøker og ikkje minst herja litt. Dei fleste hadde jo tatt bussen til biblioteket for ikkje så lenge sidan, så dei var litt kjente denne gongen. Det resulterte i mykje utforskning og ein del vilter leik, likevel fekk dei mykje skryt for kor flinke og kjekke dei var frå bibliotekarene.
«I barnehagen skal barna få mulighet til å erfare ulike formidlingsmåter av tekster og fortellinger, som kilde til estetiske opplevelser, kunnskap, refleksjon og møter med språk og kultur» (Rammeplanen, s. 48).



Mens me var på biblioteket hadde ungane lagt merke til denne bruha utenfor, og eg hadde lova dei at me skulle ut der etterpå. Me hadde mykje niste igjen, den gav me til endene. Me blei enige om å gå bort å sjå om brannbilane var heime, og da var de, de holdt akuratt på å vaske dei då me kom. Så då fekk me sjå på utstyret inni, me fekk høyre sirener og sjå blållys. Det begynte å bli meir vind, så me bestemte oss for å ta bussen frå Vabakkjen tilbake til barnehagen, men før me skulle gå kjørte dei brannbilen opp på parkeringsplassen å spruta vatn.



ut på tur

Me har begynt å gå lengre turer med sekk og niste i vår og me har hatt nokre kjempefine turar så langt. Dei er forresten blitt så flinke til å gå på tur! Dei er blitt utrulig sjølvstendige og effektive i garderobesituasjonen. Og dei går så fint på lengre turar utan å klaga, dei held den dei skal holda og følger etter ryggen til den som går forran seg. Eg er så imponert, trur dei er ganske fornøgde sjølv for alle gler seg til å gå på tur og seier aldri nei til å vere med

«Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få et mangfold av naturopplevelser og få oppleve naturen som arena for lek og læring» (Rammeplanen, s. 52).



Påskemarkering

Me hadde fleire fellessamlinger med påsketema, felles lunsj for alle avdelingane, påskerebus og jammen fekk me oss noko påskegodt og. Me har laga mykje påskepynt i løpet av april, nokre prosjekt blei betre enn andre, gips i ballong for eksempel; å blåse opp ballong med flytande gips i og dele ut til 12 treåringer kjem eg ikkje til å gjere igjen...

«Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellinger, tradisjoner, verdier og høytider i ulike religioner og livssyn og erfaringer med at kulturelle uttrykk har egenverdi (...) Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal personalet bidra til at Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellinger, tradisjoner, verdier og høytider i ulike religioner og livssyn og erfaringer med at kulturelle uttrykk» (Rammeplanen, s. 54-55).

